

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd**2019/EØS/65/04**

av 20. oktober 2014

om endring av vedtak 2007/453/EF med omsyn til BSE-status for Bulgaria, Estland, Kroatia, Latvia, Luxembourg, Ungarn, Malta, Portugal og Slovakia*[meld under nummeret K(2014) 7516]*

(2014/732/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbare spongiform encefalopati⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 2 tredje leddet, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett at medlemsstatar, tredjestatar eller regionar i desse statane («statar eller regionar») skal klassifiserast i éin av tre kategoriar med omsyn til status for bovin spongiform encefalopati (BSE): svært liten BSE-risiko, kontrollert BSE-risiko og ikkje-fastsett BSE-risiko.
- 2) Vedlegget til kommisjonsvedtak 2007/453/EF⁽²⁾ inneheld ei liste der statar eller regionar er oppførte i høve til BSE-statusen sin.
- 3) Verdsdyrehelseorganisasjonen (OIE) spelar ei leiande rolle når det gjeld inndelinga av statar eller regionar i kategoriar på grunnlag av BSE-risikoen deira. I lista i vedlegget til vedtak 2007/453/EF, vedteken av OIE i mai 2013, er det teke omsyn til resolusjon nr. 20 om sannkjenning av risikostatus for bovin spongiform encefalopati hjå medlemsstatar.
- 4) I mai 2014 vedtok OIE resolusjon nr. 18 om sannkjenning av risikostatus for bovin spongiform encefalopati hjå medlemsstatar⁽³⁾. I tillegg til dei medlemsstatane som alt er oppførte i vedlegget til vedtak 2007/453/EF, er Bulgaria, Estland, Kroatia, Latvia, Luxembourg, Ungarn, Malta, Portugal, Romania og Slovakia oppførte med ein svært liten BSE-risiko.
- 5) I juni 2014 oppheva⁽⁴⁾ OIE statusen «svært liten BSE-risiko» for Romania med verknad frå 27. juni 2014 etter å ha motteke ein rapport frå representanten til OIE i Romania om påvising av eit BSE-tilfelle i Romania.
- 6) Lista i vedlegget til vedtak 2007/453/EF bør difor endrast slik at ho vert i samsvar med resolusjon nr. 18 som OIE vedtok i mai 2014, og for å ta omsyn til den påfølgjande avgjerda til OIE om å oppheve statusen «svært liten BSE-risiko» for Romania.
- 7) Vedtak 2007/453/EF bør difor endrast.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

TEKE DENNE avgjerda:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2007/453/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 302 av 22.10.2014, s. 58, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 37/2015 av 20. mars 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 29 av 19.5.2016, s. 7.

⁽¹⁾ TEF L 147 av 31.5.2001, s. 1.

⁽²⁾ Kommisjonsvedtak 2007/453/EF av 29. juni 2007 om fastsetjing av BSE-status for medlemsstatar eller tredjestatar eller regionar i desse statane på grunnlag av BSE-risikoen deira (TEU L 172 av 30.6.2007, s. 84).

⁽³⁾ http://www.oie.int/fileadmin/Home/eng/Animal_Health_in_the_World/docs/pdf/2014_A_RESO-18_BSE.pdf

⁽⁴⁾ <http://www.oie.int/animal-health-in-the-world/official-disease-status/bse/lossreinstatement-of-status/>

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 20. oktober 2014.

For Kommisjonen

Tonio BORG

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

«VEDLEGG

LISTE OVER STATAR ELLER REGIONAR

A. Statar eller regionar med ein svært liten BSE-risiko

Medlemsstatar

- Belgia
- Bulgaria
- Kroatia
- Danmark
- Estland
- Ungarn
- Italia
- Latvia
- Luxembourg
- Malta
- Nederland
- Portugal
- Austerrike
- Slovenia
- Slovakia
- Finland
- Sverige

Statane i Det europeiske frihandelssambandet (EFTA)

- Island
- Noreg

Tredjestatar

- Argentina
- Australia
- Brasil
- Chile
- Colombia
- India
- Israel
- Japan
- New Zealand
- Panama
- Paraguay

- Peru
- Singapore
- Sambandsstatane
- Uruguay

B. Statar eller regionar med ein kontrollert BSE-risiko

Medlemsstatar

- Den tsjekkiske republikken, Tyskland, Hellas, Spania, Frankrike, Kypros, Litauen, Polen, Romania, Det sameinte kongeriket

Statane i Det europeiske frihandelssambandet (EFTA)

- Liechtenstein
- Sveits

Tredjestatar

- Canada
- Costa Rica
- Mexico
- Nicaragua
- Sør-Korea
- Taiwan

C. Statar eller regionar som det ikkje er fastsett BSE-risiko for

- Statar eller regionar som ikkje er oppførte under bokstav A eller B.»
-